

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-F30
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 23.10.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
075/20	Utval for helse og omsorg	10.11.2020

Busetjing av flyktningar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teke til orientering

Vedtak som innstilling fra -

Utval for helse og omsorg 10.11.2020:

Behandling:

Arrgunna Haga-NAV Alver svara på spørsmål i saka.

Utvalsleiar Ståle Hauge (AP) sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Utval for helse og omsorg er svært positiv til at Alver kommune skal busetje flyktningar frå Moria-leiren. Får Alver kommune ei særskilt oppmoding om å busetja flyktningar frå Morialeiren, ber HO om at rådmannen kjem tilbake til utvalet med ny sak til politisk behandling.

Utvalet ber administrasjonen sende dette positive vedtaket vidare til myndigheiter som kan samle ei oversikt over kommunar som vil busetje flyktningar frå Moria.

Hendrik Weber (Raudt) sette fram følgjande tilleggsframlegg:

HO ber kommunen om ei utgreiing om kapasiteten og tilgjengelege tenester når det gjeld busetting av flyktningar.

Utvalet vedtok samrøystes dei to tilleggsframlegga sett fram i møtet.

HO- 075/20 Vedtak:

Utval for helse og omsorg er svært positiv til at Alver kommune skal busetje flyktningar frå Morialeiren. Får Alver kommune ei særskilt oppmoding om å busetja flyktningar frå Morialeiren, ber HO om at rådmannen kjem tilbake til utvalet med ny sak til politisk behandling.

Utvalet ber administrasjonen sende dette positive vedtaket vidare til myndigheiter som kan samle ei oversikt over kommunar som vil busetje flyktningar frå Moria.

HO ber kommunen om ei utgreiing om kapasiteten og tilgjengelege tenester når det gjeld busetting av flyktningar.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for helse og omsorg

Saksopplysningar:

Kommunestyret i Alver fatta fylgjande vedtak 17.09.21: Alver kommune støttar intensjonen i kampanjen "50 er ikke nok"

Alver kommunestyre bed om at det blir sett på muligheten for å bosette 50 personer i Alver, primært barnefamilier og sårbare barn.

Oversendast til utval for helse og omsorg.

Bakgrunn

Nasjonale myndigheter oppmodar kvart år kommunar om å busetje flyktningar. Kor mange flyktningar det vert oppmoda om varierer frå år til år. I 2020 har Alver kommune vedtatt at kommunen skal busette 26 flyktningar i tillegg til familieisameinte. Integrasjon og mangfoldsdirektoratet IMDI har meldt at det for 2020 berre vil bli busett 17 personar av opprinneleg oppmodingstal på 26. Til no har kommunen busett 7 personar av oppmodingstalet. I tillegg har kommunen busett 5 familiesameinte så langt i år.

I dei store «flyktningåra» 2015 og 2016 busette dei tre kommunane Lindås, Radøy og Meland meir enn 50 flyktningar til saman. Basert på denne erfaringa vurderer rådmannen at Alver kommune har kapasitet til å busetje 50 flyktningar om Alver kommune skulle få ei slik oppmoding. Vidare vurderer rådmannen at det er god kompetanse i kommunen som organisasjon og stort engasjement frå frivillige til yte ein vesentleg innsats for å hjelpa våre nye innbyggjarar til å finna seg til rette i kommunen vår. Alver kommune arbeider med utvikling av ulike spor i introduksjonsprogrammet slik at tilbudet vert differansiert og treff ulike grupper i introduksjonsprogrammet betre. Rådmannen vurderer at Alver kommune kan tilby gode løp i introduksjonsprogrammet. I tillegg ber rådmannen kommunestyret vektleggje at den frivillige innsatsen i arbeidet med å busetje flyktningar er høg og har vore heilt avgjerande for at integreringsarbeidet lukkast.

I kommunestyret sitt vedtak heiter det at kommunen ynskjer å busetje «primært barnefamiliar og sårbare born». Det er i denne samanhengen viktig å minne om at vi som kommune kan ynskje kva kategori flyktningar kommunen vil busetje, men at det er IMDI, Integrasjons og mangfoldsdirektoratet, som avgjer kven som skal busetjast i vår kommune.

Når det gjeld presiseringa i vedtaket der Alver kommune skal ha eit ynskje om å busetje «sårbare born» forstår rådmannen at kommunestyret her talar om einslege mindreårige flyktningar. Tidlegare Lindås kommune hadde eigne tiltak for unge einslege midreårige flyktningar. Skal Alver kommune busetje einslege mindreårige flyktningar på nytt må kommunen rigge eigne tiltak for dette. Rådmannen vurderer at det er tilstrekkeleg kompetanse i Alver kommune til å bygge opp eit slik tilbud, men at det er naudsynt at det følgjer finansiering med oppgåvene.

Dersom Alver kommune skulle få ei særskilt oppmoding om busetje flyktningar frå Morialeiren vil rådmannen kome tilbake til utvalet med ein meir detaljert utgreiing.